

**Ønskjer du ein spennande og lærerik arbeidsplass i Europas største pukkverk? Då er du velkommen til å søkje stilling i vår bedrift som:**

## **Anleggsmaskin- mekanikar**

Vedlikehaldsavdelinga består av 40 personer som har god fagkompetanse på mekanisk arbeid, både faste installasjonar og rullande maskiner. Du skal vere mekanikar under rullande maskiner.

### Arbeidsoppgåver:

- Forebyggjande vedlikehald, feilsøking og reparasjon av anleggsmaskinar frå 0,5 tonn til 120 tonn.
- Mindre reparasjonssveising av anleggsutstyr.
- Betene bedriftas vedlikehaldssystem.

### Me ønskjer deg som har erfaring frå tilsvarende arbeidsoppgåver frå industri- eller produksjonsbedrifter og som:

- Er engasjert og strukturert og har gode samarbeidseigenskapar
- Har godt humør og god helse
- Har høgt personleg HMS fokus
- Har stå-på-vilje og høg arbeidskapasitet
- Har fagbrev innan mekaniske fag eller anna relevant utdanning. (fagbrev som anleggsmaskinmekanikar, landbruksmekanikar, bilmekanikar)
- Har førarkort kl. B
- Kan norsk, både munnleg og skriftlig.
- Har auga for vidareutvikling og optimalisering av utstyr.

Opplæring vil bli gitt til motiverte søkjarar som ikkje oppfyller krav til kompetanse og erfaring. Arbeidstida er primært på dagtid.

Me ønskjer mangfald blant våre tilsette og ønskjer søkjarar uavhengig av kulturell bakgrunn, kjønn og alder.

For rett person kan me tilby ein spennande og variert jobb i eit godt arbeidsmiljø.



*Norsk Stein AS avd. Jelsa har Europas største anlegg for produksjon av tilslag til asfalt og betong, vegbygging og offshorekonstruksjonar. Me er lokalisert i Suldal kommune, er 183 tilsette og 11 lærlingar og har ein årsproduksjon på over 11 mill. tonn. Sjå: <http://www.mibau-stema.com>*

Bedrifta har gode pensjons- og forsikringsordningar og AFP ordning.

Interesserte kan ta kontakt med:  
Avdelingsleiar Vedlikehald, Nils Inge Lovra,  
tlf. 52 79 29 00

**Søknad med CV sendast  
innan 28.05.18 til:**

Norsk Stein AS v/Personalavdelinga  
Jelsavegen 512  
4234 Jelsa  
Eller på e-post: [post@norsk-stein.no](mailto:post@norsk-stein.no)

